

Heiplanen

Fyresdal skogeigarlag meiner det er viktig å sikre leveområda til villreinen og håpar Heiplanen kan vera eit viktig bidrag i så måte. Me ventar også at Heiplanen vil sikre rom for næringsutvikling på bygdene, og at ein med Heiplanen kan få ei enklare behandling av byggesøknader utanom den delen som blir rekna som nasjonalt villreinområde.

Skogeigarlaget har ingen særlege merknader til den føreslegne grensa for nasjonalt villreinområde, bortsett frå eit område i SA 21b ved Votnæ som også blir bruka mykje av reinen. Me meiner vidare at det er viktig å sikre at reinen kan trekke mest mogleg fritt, og vil særleg peike på behovet for å sikre trekkveggar over riksveg 42 ved Bjørnevatn. Me ser med uro på planar om fortetting og oppgradering av hyttefelt i vestenden av Bjørnevatn, og meiner dette kan føre til at villreintrekk mellom sør og nordområdet i Setesdal Austhei kan bli stengt for godt.

Me vil åtvare mot å legge for stor vekt på at reinen i Setesdalsheiane er av tamreinopphav. Det er noko reinen her har til felles med dei fleste andre villreinstammane i Noreg, inkludert Hardangervidda. Forsking har vist at reinen sin oppførsel i stor grad blir bestemt av reinen si erfaring med menneske som jeger og predator, og ikkje bare av genar. Derfor vil det vera nødvendig med tiltak som kan kanalisere ferdsel og anna aktivitet på ein måte som er til minst mogleg sjenanse for reinen. Simler med kalv (fostringsflokkar) er varare enn bukkane og brukar ofte andre delar av området. Arealbruken vil også variere med årstid og slitasje på vinterbeitet. Det betyr at villreinen er arealkrevjande og ekstra utfordrande for forvaltninga.

Villreinen er ein viktig ressurs for bygdene, både som jaktobjekt og som opplevingsverdi. Med ei fornuftig arealforvaltning vil ein kunne sikre at denne ressursen vil bidra til større verdiskaping og glede også i framtida. For Fyresdal sin del ser me få konflikhtar med den planen som nå er lagt ut til høyring.

Helsing styret i Fyresdal skogeigarlag 3.10.2011.